Austevoll kommune

VEDLEGG

Handlingsplan mot vald og overgrep

Austevoll kommune

Innhald

Kunnskapsgrunnlag 3
Definisjon av vald i nære relasjonar og skildringar av ulike typar vald 3
Statlege føringar 6
Status nasjonalt 6
Lovverket 7
Avvergingsplikta 7
Våre kommunale tenester: 9
FOLKEHELSEKOORDINATOR 9
BARNEVERNTENESTA 9
Kontaktinformasjon: 9
FASTLEGE OG LEGEVAKT 9
Kontaktinformasjon 10
PSYKISK HELSE OG RUSTENESTE 10
Kontaktinformasjon 10
PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE (PPT) 10
Kontaktinformasjon 11
HELSESTASJON OG JORDMORTENESTA 11
Kontaktinformasjon: 11
NAV AUSTEVOLL OG FLYKTNINGETENESTA 11
Kontaktinformasjon: 12
TRYGGEST-VERN AV RISIKOUTSATTE VOKSNE 12
Kontaktinformasjon 12
ANDRE INSTANSAR 12
POLITIET 12
Kontaktinformasjon: 12
AKUTT 112 12
Andre henvendingar: telefon 02800, kontor Austevoll 56303900 12
KRISESENTERET 13
Kontaktinformasjon: 13
telefon 55315050 13
OPPLÆRINGSPROGRAM FOR TILSETTE 14
STADAR Å FÅ HJELP 15
NASJONALE NETTSTADER 16

Kunnskapsgrunnlag

Definisjon av vald i nære relasjonar og skildringar av ulike typar vald

Vald og overgrep kan vere vanskeleg både å avdekke og dokumentere. Temaet er ut frå vår kultur svært tabubelagt, og det er forbunde med forteiing, skuld og skam. Følgeleg så snakkar me ikkje om det. Me veit at det førekjem, men me snakkar framleis ikkje om det. I alle fall ikkje med nokon utanfor familien. Dette er ei av hovudårsakene til at det er store mørketal. Menneske som har vore utsette for, eller vore vitne til vald, treng å vernast mot nye overgrep og krenkingar.

WHO definerer vald som *"forsettleg bruk av, eller trussel om, fysisk makt eller tvang, retta mot ein sjølv, andre enkeltpersonar, eller ei gruppe. For å reknast som vald må handlinga resultere i, eller ha høg sannsynleghet for å resultere i død, fysisk eller psykisk skade, eller mangelfull utvikling".*
I norsk samanheng er ikkje vald eit fast avgrensa juridisk omgrep, og uklare definisjonar gjer det vanskeleg å få eit dekkande bilete av omfanget av vald. Omgrepet vald er i dag betydeleg utvida i forhold til tidlegare, ved at både handlingar og situasjonar som før ikkje ble forstått som vald, no oppfattast som del av eit utvida valdsomgrep.

- FYSISK VALD er ei kvar form for fysisk makt som gjennom at den smertar, skadar, skremmer og krenkar, påverkar eit anna menneske til å slutte å gjere noko det vil eller gjere noko mot sin vilje. Her er det eit vidt spekter av handlingar frå det å halde, dytte, riste eller klype til bruk av slag, spark eller våpen og opp til drap. Det er vanleg å skilje vald inn etter grad av alvor. Det vil seie moderat eller alvorleg vald.

- SEKSUELL VALD er alle handlingar retta mot ein annan person sin seksualitet, som gjennom at dei smertar, skadar, skremmar eller krenkar, får denne personen til å gjere noko mot sin vilje eller slutte å gjere noko den vil. Her kan det dreie seg om alt frå seksuell trakassering og krenkingar opp til å bli pressa til å utføre uønska seksuelle handlingar, inkludert å bli utsett for valdtekt og seksuell tortur. Den seksuelle valden er særs psykologisk nedbrytande fordi den rammar vår meist private og sårbare side.

- MATERIELL VALD er alle handlingar retta inn mot ting eller gjenstandar, som gjennom at dei verker skremmande eller krenkande, påverkar andre til å gjere noko mot sin vilje eller slutte å gjere noko dei vil. Det kan for eksempel vere å slå i dører eller vegger, øydelegge gjenstandar, rive i sund klede, kaste og rasere inventar. Dersom vedkommande tidlegare har utøvd fysisk vald, vil den materielle valden verke særleg skremmande og lammande. For barn vil det å vekse opp i ein familie der dei stadig er vitne til materiell vald, vere omtrent det same som å vokse opp i eit minefelt der ein aldri veit når det smell.

- PSYKISK VALD har eit vidt spekter og er alle måtar å skade, skremme eller krenke på som ikkje er direkte fysiske i sin natur, eller måtar å styre eller dominere andre på ved hjelp av ein bakanforliggande makt eller trussel. Her kan det vere snakk om direkte truslar, indirekte truslar, degraderande og ydmjukande åtferd, kontroll, utagerande sjalusi, isolering eller emosjonell vald. Direkte truslar er ytringar om kva som vil skje av vald dersom en person ikkje gjer som du ynskjer, eller har gjort noko du ikkje ynskjer. Dette blir ytterlegare forsterka dersom vedkomande som truar, tidlegare har brukt fysisk vald. '

- LATENT VALD er vald som verkar i kraft av kva som er mogleg. Moglegheita for vald styrer eins åtferd. I nære relasjonar der det har forekomme vald kan den latente valden utvikle seg til å bli den dominerande forma for vald. Risiko for ny vald kan styre alt den valdsutsette gjer utan at det ligg føre noko aktiv trussel. Det å ha opplevd vald gjer at ein veit det kan skje igjen. Valden er då til stades heile tida i kraft av sin moglegheit.

- ØKONOMISK VALD

I den seinare tid er også omgrepet økonomisk vald blitt brukt. Økonomisk vald kan vere at nokon kontrollerar økonomien til ein annan, til dømes ved å halde tilbake pengar, eller tvinge eller lure andre til å ta opp lån. Dersom den valdsutsette til dømes i eit samlivsforhold ikkje har arbeid eller anna inntekt, kan det vere økonomisk vald dersom valdsutøvaren "kontrollerer" partnaren ved at vedkomande må be om pengar for å dekke sine grunnleggjande behov.

- TVANGSEKTESKAP OG KJØNNSLEMLESTING

Tvangsekteskap er definert som vald i nære relasjonar saman med "æresrelatert vald". Det er eit arbeidsområde som er kulturelt betinga, og som krev ein meir spesifikk kompetanse av dei i hjelpeapparatet som skal handtere den.

KVA ER NÆRE RELASJONAR?

Helsedirektoratet definerer vald i nære relasjonar som:
Vald i nære relasjonar favnar all vald mellom familiemedlemmer. Det kan være vald mellom nåværande eller tidlegare partnarar, vald mot barn eller vald mot eldre. Også tvangsekteskap og kjønnslemlesting reknast som former for vald i nære relasjonar.

«Med nære relasjoner forstår man også andre relasjoner som preges av et ulikt maktforhold, der personer lever i et avhengighetsforhold til andre med beboere, tjenesteytere eller hjelpepersonell».

KVEN ER UTSATT FOR VALD I NÆRE RELASJONAR?

I «Et liv uten vold», Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014 - 2017 frå Justis/beredskapsdepartementet er det beskrive nærare kven som er utsett for vald i nære relasjonar[5]. Undersøkingar viser at det er mange situasjonar og posisjonar som kan auke sårbarheit og vidare risiko for å bli utsett for vald i nære relasjonar.

Følgjande grupper kan vere spesielt utsette:

- Barn som er utsett for, eller er vitne til vald, er ofte fysisk nær sine omsorgspersonar og er derfor i ein spesielt utsett situasjon
- Studie blant eldre indikerer at ca. fire prosent av dei eldre er utsett for vald og overgrep. Eldre med demenssjukdom kan auke valdstendensen overfor andre, i tillegg til at dei sjølve er meir utsett for vald i nære relasjonar
- Gravide er ekstra sårbare for vald under graviditeten
- Kvinner er klart den største gruppa som blir utsett for grov vald i nære relasjonar

- Menn blir også utsett for vald i nære relasjonar, men valden er som oftast ikkje så grov som den kvinner blir utsett for
- Personar med funksjonsnedsetting og utviklingshemming har auka sårbarheit og moglegheit for å bli utsett for vald og overgrep på grunn av sin avhengigheit av andre menneske.
- Kvinner med minoritetsbakgrunn opplever ofte ein kulturelt betinga skeivdeling av maktforhold mellom kjønna. Ein stor del av bebuarane på krisesenter er kvinner med minoritetsbakgrunn som har samlivspartnarar både av norsk og utanlandsk opphav
- Personar med rusmiddelmisbruk. Familiemedlemmar med rusmiddelmisbruk som utøver vald mot familie. Det er også kjend at det vert utøvd mykje vald inne i rusmiljø, men at dette ikkje er innafor politiet sin definisjonen av "nære relasjonar". Likevel er det slik at mange i dei tungt belasta rusmiljøa har særs avgrensa nettverk, og at det i stor grad er andre rusmiddelmisbrukarar som utgjer personane som dei har nære relasjonar med.

Statlege føringar

Sidan 1999 har dei sittande regjeringane hatt spesielt fokus på vald i nære relasjonar. Arbeidsgruppa vel her å nemne nokre viktige "milepælar":

1. NOU 2003:31 «Retten til et liv uten vold – Menns vold mot kvinner i nære relasjoner» har vore ein viktig premissleverandør til handlingsplanane om vald i nære relasjonar som har komme i ettertid
2. I 2008 kom og «Veileder for utvikling av kommunale handlingsplaner» mot vald i nære relasjonar.
3. I Melding til Stortinget 15 (2012-2013) Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjoner, drøftar regjeringa den framtidige politikken for vald i nære relasjonar. Den er såleis viktig i og med at meldinga skisserar linjene i det vidare arbeidet i åra som kjem.
4. I «Et liv uten vold», Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014- 2017 inneheld konkrete tiltak på områda førebygging, synleggjering, kunnskap og kompetanse, hjelpe – og behandlingstilbod, straffeforfølging og samarbeid og samordning
5. Nasjonal strategi for foreldrestøtte
   «Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)», er ein del av regjeringa si breie satsing på forebyggande arbeid og tidleg innsats.
   Godt foreldreskap er ein avgjerande faktor for å skape eit godt oppvekstmiljø for barn og ungdom. Familien er samfunnet sin grunnmur, og det er legitimt å ha behov for råd og veiledning i utøving av foreldrerolla. Regjeringa vil støtte opp om tiltak som styrkar familien, og gje tidleg og virksom hjelp når det er behov for det.
6. «Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2017» er ein oppfølging av forrige plan, og har ein viktig funksjon i å ivareta behovet for kontinuitet og styrking av arbeidet mot vald i nære relasjonar, i første rekke på kort sikt.

Status nasjonalt

Vald i nære relasjonar har eit betydeleg omfang og er eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem. Vald i nære relasjonar skapar utryggleik, kan medføre helseskadar og tap av velferd og avgrensar den einskilde si livsutfalding og moglegheit for aktiv samfunnsdeltaking. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar i strid med norsk lov og grunnleggande menneskerettar.

21%, meir enn 1 av 5 barn, vert utsett for mindre alvorleg fysisk vald frå foreldre. I følgje den siste studien om vald og overgrep mot barn og unge har 21% av ungdom i Norge opplevd fysisk vald frå minst ein av foreldra i løpet av oppveksten. For dei fleste dreier det seg om mindre alvorleg vald og som inneber at dei fleire gonger har opplevd at foreldra har lugga, klype, dytta, rista eller slått dei med flat hand. Denne forma for vald er relativt tilfeldig fordelt i befolkninga og har hatt nedgang dei siste åra(Mossige og Stefansen 2016).

6 % av barn har blitt utsett for alvorleg fysisk vald frå foreldre. Alvorleg fysisk vald inneber at dei anten er blitt banka opp, sparka, slått med knyttneve eller angripen fysisk på andre måtar. Både mor og far er utøvarar. Det har ikkje vore nedgong i denne formen for vald dei siste åra. Like mange gutar som jenter har blitt utsette for denne type utøving av vald. Fleire har fått merke og smerter i etterkant og nokre har hatt behov for legehjelp.

Innvandrarbakgrunn frå ikkje vesteige land, dårleg familieøkonomi og rusproblematikk hos foreldre gjer risikoen for å bli utsett for denne type vald høgare (Mossige og Stefansen 2016).

Det er estimert at 5-15 spedbarn blir alvorleg skada av *Shaken baby -syndrom* kvart år i Norge, og at om lag 5 av dei døyr på grunn av slike skadar. Tala byggjer på erfaringar frå norsk helsevesen og internasjonale omrekningar (Keenan et al.2003,Rasmussen et al 2012).
8 % har erfart vald mellom foreldre. Å vere vitne til vald mellom foreldre er psykisk vald mot barn og like skadeleg for barnet som om det skulle vore utsett for grov vald sjølv.
Seksuelle overgrep mot barn: Meir enn 1 av 5 norske kvinner oppgjer å ha blitt utsett for ein form av seksuelt overgrep før fylte 18 år. Også blant menn opplevde ein betydeleg del (1 av 10) å blitt utsett for seksuelle overgrep i barndom (Thoresen&Hjemdal 2014).

I følge ei undersøking gjennomført av Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) i 2013, er det berre 26,3 % av kvinner som er utsett for grov vald som melder forholdet. Det er store mørketal. Auka merksemd og kunnskap om vald i nære relasjonar kan bidra til at fleire slike saker kjem fram i lyset, slik at fleire valdsutsette og andre berørte kan få hjelp. Få oppsøkjer helsetenester eller politi, og ein del fortel aldri til nokon kva dei har vore utsette for.
I tillegg til dei store konsekvensane for den einskilde har vald i nære relasjonar også store samfunnsøkonomiske kostnadar i form av auka behov for hjelpetiltak i skulen, psykisk og fysisk helsehjelp, barneverntiltak i tillegg til hjelp frå krisesentertilbod, sosialhjelp og auka behov for politiressursar.
Ein samfunnsøkonomisk analyse frå desember 2012 anslår at vald i nære relasjonar kostar det norske samfunnet mellom 4,5 og 6 milliardar kroner årleg. *«Et liv uten vold», Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014 – 2017.*

Lovverket

I løpet av det siste ti-året har det vore auka fokus på vald i nære relasjonar. Frå før har det på generelt grunnlag vore lovfesta at til dømes teieplikta ikkje skal vere til hinder for å melde eller gje opplysningar om lovbrot (forvaltningslova § 13 b 6). Men i fleire særlovar vert fleire faggrupper no gjeve ansvar for å melde frå om overgrep og moglege overgrep. I helsepersonellova si kapittel seks omtalast helsepersonell si plikt til å gje opplysningar om vald i nære relasjonar til både politi, barneverntenesta og til den kommunale helse- og omsorgstenesta. Vidare nemnast at ifølgje barnevernlova § 6-4 har offentlege mynde plikt til å melde i frå til barnevernet når det er grunn til å tru at barn blir mishandla i heimen, når barn er utsette for andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller når eit barn har vedvarande alvorlege åtferdsproblem. Også yrkesutøvarar i medhald av helsepersonellova, psykisk helsevernlova, helse- og omsorgstenestelova, sosialtenestelova, lov om familievernkontor, meklingsmenn i ekteskapssaker (jamfør lov om ekteskap), samt friskolelova, plikter å gje opplysningar etter reglane i nemnte paragraf si andre ledd. Det same gjeld i opplæringslova § 15-3.

Avvergingsplikta

Alle offentleg tilsette i Austevoll kommune skal ha kunnskap om avvergingsplikta:
Eit trygt samfunn er avhengig av at vi alle engasjerer oss og handlar når vi skal.
Alle har ei plikt etter straffelova § 196 til å melde eller på annan måte avverge alvorlege straffbare handlingar. Avvergingsplikta gjeld utan omsyn til teieplikt. Plikta vert utløyst idet du får kunnskap om at handlinga vil skje, eller trur at det er meist sannsynleg at handlinga vil skje.

Du kan avverge ved å varsle politi, barnevern eller på annan måte søkje å hindre at handlinga skjer. Når du skal avverge vald eller overgrep, er det viktig å samarbeide med den det gjeld – om det er eit barn, ein ungdom eller ein vaksen. Dialog og samarbeid må sjølvsagt tilpassast alder og modning, og vil kunne avhenge noko av kor akutt situasjonen er. Det kan likevel vere nyttig å ha som utgangspunkt at barn og vaksne har same behovet for informasjon, tryggleik og kontroll over eigen situasjon.

Avvergingsplikta

- Incest når den fornærma er under 16 år
- Valdtekt av barn under 14 år
- Seksuell omgang mellom andre nærståande når den fornærma er under 16 år,
- Drap
- Mishandling i nære relasjonar
- Misbruk av overmaktstilhøve (seksuelle overgrep eks. psykisk funksjonshemma)
- Kjønnslemlesting (avvergeplikt for tilsette i skule, skulefritidsordningar, barnehage, barnevern, trussamfunn, sosialteneste og helse- og omsorgsteneste)

Meldeplikt til barnevernstenesta
Offentleg tilsett: Meldeplikta inneber eit personleg ansvar for å melde og går føre teieplikta etter andre lovar.
Alle offentleg tilsette og ei rekke private yrkesutøvarar med profesjonsbestemt teieplikt, har lovpålagt plikt til å melde frå til barneverntenesta dersom dei er alvorleg bekymra for eit barn, jf. Barnevernlova §6- 4 første ledd. Dei same føringane ligg også i opplæringslova og barnehagelova

Våre kommunale tenester:

FOLKEHELSEKOORDINATOR

Folkehelse er eit sentralt satsingsområde i Austevoll. Folkehelseperspektivet gjer seg gjeldande innafor alle tenesteområda, og det vert arbeidd tverrfagleg for å fremje god helse blant innbyggarane.

Overordna vert folkehelseperspektivet teke omsyn til- og integrert i alle planar i kommunen. I arbeidet ut mot innbyggarane strekk prosjekt seg frå fysisk og psykisk helse, arbeid med frivillige lag og organisasjonar om aktivitet og infrastruktur for aktivitet, arbeid med flyktningar og samarbeid med skule og oppvekst.

BARNEVERNTENESTA

Alle barn i alder 0 -18 år som oppheld seg i kommunen kan ha rett til tenester frå barneverntenesta. Det som er best for barnet er det som skal avgjera kva hjelp barnevernet skal gje, sjølv om dette kan koma i konflikt med kva foreldra synest. Barnevernet skal gje hjelp og støtte til barn, unge og familiane deira når tilhøva heime er vanskeleg, eller når barnet har åtferdsproblem til dømes knytt til rus eller gjenteken kriminalitet. Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade deira helsa og utvikling får hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge får ein trygg oppvekst.

Alle som er bekymra for eit barn/ungdom kan kontakte barneverntenesta. Barn og ungdom kan sjølv ta kontakt med tenesta. Du treng ikkje å vere sikker på at noko er gale før du melder. Er du usikker på om du bør melde, kan du ta kontakt med barneverntenesta for å få råd, då kan du også drøfte bekymringa di anonymt.

For å få kontakt med barneverntenesta i Austevoll kan du sende skriftleg melding, møte opp på kontoret
eller ta kontakt pr. telefon. Ved ein akutt situasjon eller akutt bekymring er det mogleg å kontakte barnevernet heile døgnet, også i helg og på høgtidsdagar. Barnevernvakten i Bergen har akuttberedskap for barneverntenesta i Austevoll.

Kontaktinformasjon:

Adresse: Austevoll helsehus, Birkelandsvegen 6, 5392 Storebø
Tlf: 55 081 000
Tlf: 55 36 1180 utanom ordinær arbeidstid og frem til 02.00, etter 02.00 kontakt politiet på tlf 02800

Dersom bekymringa handlar om særleg alvorlege tilhøve, som vald eller seksuelle overgrep, bør du kontakte barneverntenesta for å drøfte korleis du skal gå fram.

FASTLEGE OG LEGEVAKT

Du kan snakke med fastlegen din om du er i ein vanskeleg livssituasjon, og om du er utsett for fysisk eller psykisk vald, uønska seksuelt press, negativ sosial kontroll, er redd for kjønnslemlesting eller tvangsekteskap. Fastlegen din har teieplikt. Fastlegen kan vere ein samtalepartnar og hjelpe deg vidare til andre tenester ved behov. Austevoll legesenter har telefon 55081050.
Legevakta skal gi øyeblikkeleg hjelp til alle som er i Austevoll utanom fastlegane si opningstid. Tilsette på legevakta har brei erfaring i å ivareta personar som har vore utsette for vald i nære relasjonar.

Legevakta kan undersøke og behandle akutte skadar. Legevakta kan hjelpe deg å kome i kontakt med krisesenter. Legevakta viser deg videre til spesialisthelsetenesta ved behov, slik som ved omfattande skadar, seksuelle overgrep og når barn er utsett for vald eller overgrep.

Kontaktinformasjon

Legevakta har telefon 116 117.
www.fastlegen.no

PSYKISK HELSE OG RUSTENESTE

Du kan ta kontakt med psykisk helse- og rustenesta i Austevoll kommune dersom du er i ein vanskeleg livssituasjon. Psykisk helse- og rustenesta har ei tverrfagleg samansett faggruppe med psykolog, psykiatriske sjukepleiarar, ruskonsulent og erfaringskonsulentar.

- Me kan tilby støtte til betring og meistring av psykiske problem som angst, depresjon, søvnvanskar, stress og bekymring
- Utfordringar med rus- eller avhengigheit
- Diagnostisering og behandling
- Hjelp til å lage kriseplan, blant anna i valdssaker
- Koordinering og utarbeiding av individuell plan
- Samarbeid med fastlege, NAV og andre som er sentrale i oppfølginga med deg
- Samarbeid med spesialisthelsetenesta
- Råd og rettleiing
- Utlevering av brukarutstyr
- Henvisning til rusbehandling/ og eller oppfølging etter behandling
- Henvisning til legemiddelassistert rehabilitering (LAR)
- Pårøranderettleiing
- Nettverkstilbod til pårørande

Tenesta er gratis, og er open mellom kl. 0800-1600. Når du, lege eller ein pårørande tar kontakt med oss vurderer me kva for hjelpebehov me kan gje deg. Tilbodet du får heng saman med kor alvorleg situasjonen din er, og kva som skal til for at du skal få det betre.

Kontaktinformasjon

Psykisk helse og rus, telefon: 55081423 eller 93037868
Besøksadresse: Helsehuset, Birkelandsvegen 6, 5392 Storebø

PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

PPT arbeider tett med skule og barnehage, og PPT har regelmessig kontakt med foreldre/føresette til barna dei følgjer opp. PPT samarbeider med flere ulike aktører innad i kommunen.
PPT har nært samarbeid med 2. linjetenesta, som t.d. Barne-ungdomspsykiatrisk poliklinikk, Statped, habiliteringa, og ulike spesialisthelsetenester ved sjukehus.
Opplæringslova og barnehagelova seier at PPT skal skrive sakkunnig vurdering der lova krev det. Foreldre kan ta kontakt direkte med PPT, men vanlegvis er det barnehage og skule som formidlar barna sitt behov. Helsestasjon og barnevern kan òg ta kontakt med PPT for avtale om teneste.

Dersom PPT skal gje tilbod til einskildbarn, må barnet tilmeldast PPT og føresette må vere samde i tilmeldinga.
PPT bistår på systemnivå med rettleiing, rådgjeving og kompetanseheving til skular og barnehagar, men arbeider òg direkte med det einskilde barnet og/eller familie.

Kontaktinformasjon

Telefon 55081212
Besøksadresse: Helsehuset, Birkelandsvegen 2, 5392 Storebø

HELSESTASJON OG JORDMORTENESTA

Alle barn og unge får tilbod om helseundersøkingar og oppfølging frå helsestasjon- og skulehelsetenesta. Helsestasjon har nærast 100% oppmøte av foreldra og barn, og tenesta har difor ein unik moglegheit til å arbeide førebyggande for å avdekke vald i nære relasjonar på eit tidleg tidspunkt.
Helsestasjonen er ofte den einaste instans som ser barna regelmessig første leveår. Nye nasjonale retningslinjer for helsestasjon- og skulehelsetenesta, har stort fokus på å avdekke vald og seksuelle overgrep. Tenesta deltek i fleire tverrfaglege team som samarbeider om barn som direkte eller indirekte lever med vald i nære relasjonar.
Helsesjukepleiar i skulehelsetenesta har vald som tema både som undervisning og i møte med enkeltelevar og føresette. Både skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom skal vere eit lavterskeltilbod der barn og unge kan ha ein stad å søke hjelp, råd og rettleiing. Helsestasjon- og skulehelsetenesta kan kontaktast direkte, utan tilvising.
I tilfelle der det vert avdekka vald og overgrep, melder helsestasjon- og skulehelsetenesta vidare til instansar som barnevern eller politi, for å sikre at barna og familien får nødvendig hjelp.
Gravide har tilbod om svangerskapskontroll hos jordmor og dei fleiste gravide brukar dette tilbodet. Jordmortenesta arbeider førebyggjande for å avdekke vald mot gravide, slik at ein får naudsynt hjelp.

Kontaktinformasjon:

Helsesjukepleiar og skulehelsetenesta: telefon 55081071
Jordmor: telefon 90258169
Besøksadresse: Helsehuset, Birkelandsvegen 2, 5392 Storebø

NAV AUSTEVOLL OG FLYKTNINGETENESTA

I mange tilfelle er valdsutsette heilt eller delvis økonomisk avhengig av den som utøver valden. Dette avhengetilhøvet kan gjere det meir eller mindre umogleg å bryte ut av eit tilvære prega av vald.
Hjelp frå NAV-kontoret kan vere avgjerande for om valdsutsette opplever det mogleg å bryte ut frå eit tilhøve med mishandling. NAV-kontoret kan difor ha ein viktig funksjon i ein overgangsfase prega av økonomisk utryggheit.
Tal frå fleire krisesenter viser at ein stor del av bebuarane står utanfor arbeidsmarknaden og er avhengige av offentlege ytingar. Mange valdsutsette har behov for hjelp til å finne bustad. Ved akutt bustadløyse har sosialtenesta i NAV plikt til å finne midlertidig bustad til dei som ikkje klarar dette sjølv.
NAV-kontoret inngår som eit ledd i eit heilskapleg og individuelt tilpassa hjelpetilbod til utsette for vald i nære relasjonar. NAV-kontora forvaltar tenester etter Lov om sosiale tjenester i arbeids- og

velferdsforvaltningen (sosialtenestelova) og ytingar og tiltak etter Lov om folketrygd. Særleg i re-etableringsfase kan NAV vere ein viktig aktør i arbeidet mot vald i nære relasjonar. Tilsette i NAV har primært juridisk, økonomisk og sosialfagleg kompetanse på område som vert omfatta av dette regelverket, og kan gje informasjon, råd og rettleiing, og vise vidare til andre hjelpeinstansar.

Flyktningtenesta i kommunen er organisert i NAV Austevoll, og har hovudansvar for busetting, integrering og oppfølging av flyktningar.
NAV Austevoll har og ansvar for handsaming av Husbank-tenestene startlån og tilskot (etablering, tilpassing, prosjektering).

Kontaktinformasjon:
Besøksadresse: Birkelandsvegen 6, 5392 Storebø
Kontaktsenter telefon 5555 3333
NAV-leiar telefon 928 32 066
Flyktningkoordinator telefon 408 07 936

TRYGGEST-VERN AV RISIKOUTSATTE VOKSNE

Austevoll kommune har i 2022 etablert ei TryggEst-gruppe og ein TryggEst-telefon, der innbyggjarar i kommunen kan ta kontakt dersom dei er utsett for vald, eller er bekymra for om andre er utsett for vald. Ved kontakt til TryggEst-telefonen vert du møtt av ein fagperson i Austevoll kommune som kan gje råd og vise deg til kontakt med dei som best kan hjelpe deg. Tilbodet er ikkje ei akutt teneste.

Sjå kommunen sine nettstader om TryggEst: TryggEst - vaksenvern - Austevoll kommune
https:/ https://bufdir.no/vold/tryggest/

Kontaktinformasjon
Telefon: 48481076

ANDRE INSTANSAR

POLITIET

Politiet sitt arbeid mot vald i nære relasjonar har høg prioritet. Det er eigne koordinatorar for familievald og seksuelle overgrep i alle politidistrikt, og politiet samarbeider med mange etatar og organisasjonar for å motverka denne typen kriminalitet. Det omfattar også barn som er vitne til vald i familien.

Har du vore utsett for kriminelle handlingar? Det kan for eksempel vere vald, seksuelle overgrep eller krenkingar av din personlege fridom.

Kontaktinformasjon:

AKUTT 112

Andre henvendingar: telefon 02800, kontor Austevoll 56303900

KRISESENTERET

Heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald og/eller truslar om vald i nære relasjonar. Du treng ingen henvisning for å kome til Krisesenteret, eller for å be om ei samtale.

Kontaktinformasjon:

telefon 55315050

OPPLÆRINGSPROGRAM FOR TILSETTE

Regionalt ressurssenter. Senteret er for fagfolk på Vestlandet på temaområda vald, traumatisk stress og sjølvmordsforebygging, og arbeider på tvers av etatar og sektorar Kontaktinformasjon: RVTS Vest **Tlf. 55 97 66 95.** https://www.rvtsvest.no/trygg-til-handling/	https://dinutvei.no/fagpersoner Nasjonal veiviser mot vold og overgrep	http://www.jegvet.no/«Jeg vet» er ein digital ressurs som skal bidra til at barnehagar og skular legg til rette for og gjennomfører valdsforbyggande og livsmestringsfremjande opplæring.
https://www.snakkemedbarn.no/ .	**Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og negativ sosial kontroll** er et nasjonalt, tverretatlig fagteam som gjer råd og rettleiing til tilsette i hjelpeapparatet og utsatte i konkrete saker. Kompetanseteamet kan mellom anna gje råd om korleis kartlegge saka, vurdere risiko og om nødvendig oppfølging av saka. https://www.bufdir.no/vold/Krisesentre_incestsentre_og_botilbud_for_utsatt_ungdom/Tvangsekteskap_og_kjonnslemlestelse/ KS-elæring	https://www.imdi.no/nora/ https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Skoleeiers-ansvar/barn-som-ikke-moter-pa-skolen---for-skoler-og-sko*leeiere*

STADAR Å FÅ HJELP

SMISO ROGALAND Senter mot incest og seksuelle overgrep Held til i Bergen . Tilbod for menneske som har vore utsett for incest og seksuelle overgrep og deira pårørande. Det vert ikkje ført nokon form for journal. **Kontaktinformasjon: 55904990**	**Bergen legevakt** Voldtektsmottaket har telefonnummer 55 55 99 50. Voldtektsmottaket har ope dagar, 24 timer i døgnet	**Krisesenter** Heilheitleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Du treng ingen henvisning frå lege for å komme til krisesenteret eller for å be om ein samtale. Tlf:55315050
Bufetat Familievernkontoret Stord Lege, psykolog, medisinsk eller sosial institusjon, eller anna mynde kan henvise personar til familievern-kontor. Kan også ta direkte kontakt. **Kontaktinformasjon: tlf 46619169** **familievernkontoret.stors@bufetat.no**	**Barne- og ungdomspsykiatrisk klinikk (BUP)** Gjer akutt psykiatrisk helsehjelp til barn og unge. Henvisning skjer frå barn/ungdom med foresatte i samarbeid med lege, PPT eller barnevern.	**Solli DPS** Solli Distriktspsykiatriske Senter (DPS) er en privat ideell verksemd som er lokalisert på Nesttun. DPS tilbyr behandling til personar over 18 år med psykiske lidingar. Tlf: 55618200 Adresse Osvegen 70, Nesttun
Konfliktrådet Er ein statleg teneste som bistår for å løse konflikter – enten mellom private parter eller mellom fornærmede og gjerningsperson der en kriminell handling har funnet sted. Vold i nære relasjoner er en del av problemstillingen. Tjenesten er gratis. Kontakt informasjon: post.vest@konfliktraadet.no	STATENS BARNEHUS Et tverrfaglig kompetansehus Statens barnehus er et tilbud til barn og ungdom som kan ha vært utsatt for, eller som har vært vitne til vold eller seksuelle overgrep. Tilbudet er også for voksne med en psykisk utviklingshemming. Henvisning frå kommunale instanser.	Støttesenter for kriminalitetsutsatte. Vi kan hjelpe deg med: informasjon og veiledning om det å melde støtte heile vegen frå melding til politiet til saka er avgjort vitnestøtte før, under og etter ei eventuell rettssak hjelp til å søke valdsoffererstatning Telefon: 800 40 008 og 40446517 (ikkje sms) Bergen : stottesenter.vest@politiet.no

NASJONALE NETTSTADER

www.tryggest.no	https://www.seksuellatferd.no	DIXI Ressurssenter for voldtatte Stiftelsen DIXI arbeider for å hjelpe voldtektsofre og deres pårørende, spre informasjon om senskader og skadefølger samt drive holdningsskapende arbeid. DIXI tilbyr individuelle samtaler og samtalegrupper for voldtatte og pårørende. Videre gis det tilbud om gratis advokathjelp, temakvelder og foredrag, samt opplysning om hjelpeapparatet. All bistand er gratis, og det trengs ikke legehenvisning. DIXI gir også telefonrådgivning på telefon 22 44 40 50.[1] **Kontaktinformasjon: DIXI Ressurssenter for voldtatte, Arbinsgate 1, 0253 Oslo Tlf. 22 44 40 50.** [1] www.dixi.no
Landsforeningen for voldsofre Landsforeningen for voldsofre skal arbeide for å hjelpe og støtte de som har vært utsatt for vold, og er påført skade av fysisk, psykisk og økonomisk art. **Kontaktinformasjon: Landsforeningen for voldsofre, Tjernfaret 29, 0956 Oslo. Tlf. 22 16 40 00.**	Vern for eldre Den nasjonale kontakttelefonen Vern for eldre har som formål å gi råd og veiledning som bidrar til å bedre situasjonen til eldre som er utsatt for overgrep. D **Kontaktinformasjon: Vern for eldre, kontakttelefon: 800 30 196, mandag til fredag kl. 09.00 - 15.00.**	Alarmtelefonen 116 111 - alarmtelefon for barn og unge Alle barn og unge skal ha ett telefonnummer de kan ringe når de opplever vold i hjemmet, er utsatt for overgrep, er redd for tvangsgifte, eller opplever andre akutte og vanskelige situasjoner. Voksne som er bekymret for barn og unge, eller har mistanke om at de utsettes for vold og overgrep, kan også ringe Alarmtelefonen 116 111. Alarmtelefonen skal være et tillegg til eksisterende akuttberedskap for barn og unge. I helger og på helligdager er Alarmtelefonen døgnåpen.[2] **Kontaktinformasjon: Tlf. 116 111.**
Nettadresse: www.dinutvei.no Nasjonal veiviser mot vold og overgrep.	https://www.vitrordeg.com/	Alle har rett til et liv uten frykt for vold. Altfor mange mennesker lever i voldelige forhold i Norge. Er du utsatt for vold, trusler eller tvang? Føler du deg utrygg? **Nettadresse**: http://www.hvorlite.no/

utsattmann – Medvandrere Utsattmann drives av menn som selv ble utsatt for vold og seksuelle overgrep i barndommen og av fagfolk som har lang erfaring i arbeid med overgreps utsatte gutter og menn.	https://www.volinjen.no/ En hjelpelinje for deg som opplever vold eller overgrep i nære relasjoner. Du kan ringe når som helst – døgnet rundt – for å snakke om opplevelsene dine, få hjelp, råd og svar på spørsmål. Helt anonymt. Helt gratis. Tlf: 116006	**https://noeharskjedd.no/** Om seksuell vold og rettighetene dine - lett å lese! Laget for psykisk utviklingshemmede.
Kors på halsen På *Kors på halsen* kan du prate med eller skrive til voksne som er frivillige i Røde Kors. De hører på det du har å si og hjelper deg om du vil. Det er helt anonymt og helt gratis. Vi svarer på telefon, chat og mail mandag til fredag mellom klokka 14-22. Du kan også snakke med andre på din egen alder på forumet. **Kontaktinformasjon**: https://www.korspahalsen.no/ **Telefon: 80 03 33 21**	**https://www.kirkens-sos.no/** Telefon: 22400040 Døgnåpent kriseteneste på tlf/internett.	 Stine Sofie Senteret er et tilbud til volds- og overgrepsutsatte barn og unge mellom 0 og 18 år, deres trygge omsorgspersoner og søsken. Med volds- og overgrepsutsatte barn og unge mener vi de som har vært utsatt for vold eller vært vitne til vold i nære relasjoner, og/eller vært utsatt for seksuelle overgrep. Det er barnas opplevelser som innvilger et opphold på Stine Sofie Senteret. post@stinesofiesenteret.no 37 29 40 90
Stiftelsen Alternativ til Vold (ATV) i Stavanger er et kompetanse- og behandlingssenter på vold, med	https://www.littsint.no/ foreldreveiledning	**https://www.frivillighetnorge.no/verktoy/hvordan-drive-en-organisasjon/politiattester** **Trygg på trening** Redd Barna har utviklet verktøyet «Trygg på trening» som skal gi de voksne kunnskap

særlig fokus på vold i nære relasjoner. **Kontaktinformasjon: Alternativ til Vold (ATV), Valberggata 4, 4006 Stavanger. Tlf. 51 93 43 43** Austevoll kommune har ikkje avtale med denne organisasjonen.		om hva de skal og bør se etter for å forebygge og avdekke mulige overgrep mot barn. https://historier.reddbarna.no/trygg-pa-trening-med-redd-barna/